

Tiltak som ikkje vert tilrådde.

Dette er rådmannen sine vurderingar / konklusjonar på tiltak som ikkje vert tilrådd å ta inn i arealdelen.

Bustadbygging Geitesva - Skjolden

Arne Rebni Øverås

NVE-rapport 30/2015: «*Langs Raudehellaren, ned til Eidsvatnet, er det en del sva og mange skrenter. Ved feltarbeid observerte vi ferske blokker ovenfor husene ved Geitasva og et stykke nordover mot Tolvtammaren.*»

Konklusjon

Området vert av naturrelatert risiko avvist og ikkje teke med i vidare utgreiing

Hyttebygging Husøy, Jostedalen - Svein Arne Ruud

Ligg innafor NGU sitt aktsemdskart for snø- og steinsprang, jord- og flaumskred.

Ligg i flaum-aktsemdsområde og delvis innafor 30 meterssona jfr retningslinjer for bygging nær vassdrag.

Konklusjon:

Området vert av naturrelatert risiko avvist og ikkje teke med i vidare utgreiing

Overnatting/ informasjon Hyrnavollen, Mørkridsdalen

-

Knut Vidar Svaneld

Ligg i aktsemdsområde snø og steinsprang.

Ligg i aktsemdsområde for flaum.

Konklusjon

Området vert av naturrelatert risiko avvist og ikkje teke med i vidare utgreiing

Sørheim, - fritidsbustad - Jens Døsen

Området ligg like ved Sørheimselva og innafor aktsemdsområde for jord og flaumskred

Konklusjon:

Området er utsett for naturrelatert risiko, og vert ikkje teke med i vidare utgreiing

Hytte, Husøy, Jostedalen

- Svein Arne Ruud

Området ligg innafor NGU sitt aktsemdskart for snø- og steinsprang, jord- og flaumskred og delvis innafor 30 meterssona jfr retningslinjer i KPA for bygging nær vassdrag.

Konklusjon:

Området er utsett for naturrelatert risiko, og vert ikkje teke med i vidare utgreiing

Hytte, Drægri, Fortun

Wilfred Pedersen

Området som er uproduktiv skog / skrin fastmark ligg på ein knaus, nær grense til naboeigedom. Ny veg ca 200 meter gjennom kupert skogsområde. Vegen vert lagt i skog/utmark og grunna høgdeskilnader føreset dette sprenging. Vegen skal leggjast over naboeigedom.

Konklusjon:

Tiltaket føreset større terrenginngrep for bygging av veg på naboeigedom. Av landskapsmessige omsyn vert ikkje tiltaket med i vidare utgreiing.

Hytter, Moane, Hafslø

Ruth Karin og Tom Idar Kvam

Innspelet omfattar to område med hytt hyttetomter i Moane. Det eine området med tre tomter ligg

ved Hafslovatnet og det andre med 6 tomter ligg i område som er regulert til friluftsområde i tilknytning til fotballanlegget. Moaholten som ligg like ved er tidlegare er lagt ut i arealdelen til byggeområde hytter (vel 70 daa). Føresetnad for

Det har over mange år vore satsa på fotballanlegget og ved store tilskipingar er det stort behov for friluftsområdet.

I tilfelle det vert aktuelt å ta eitt eller begge områda inn i arealdelen føreset det krav om reguleringsplan som inneber reguleringsendring for friluftsområdet og regulering av området langs med vatnet. Det må då vurderast om Moaholten skal trekkjast ut av arealdelen som byggeområde – hytter.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at området ikkje vert omdisponert frå LNF til byggeområde hytter.

Bustadbygging

Høyheimsvik, bustadbygging

- Olav Næss

Delar av området ligg innafør støykote L55dB for steinknusing. Resten av området ligg utafor. Arealet ligg innafør område som er utsett for naturrelatert risiko.

Området ligg også innafør 50 meters byggegrense mot offentlig veg – Fv 55 og der det er aktuelt med vegutviding. Vegen er smal og det er bratt på oversida. Ved ei framtidig utviding av Fv 55 kan dette medføre bruk av det aktuelle tomtearealet.

Konklusjon

Rådmannen rår til at området ikkje vert omdisponert frå LNF til byggeområde bustader. Med omsyn til støy og nærheit til Rv 55 (50 meters-sone).

Solbakken, Hafslo

Nils Øyvind Solbakken

Området vart konsekvensutgreidd i arealdelen for 2015. Det vart sett vilkår om at det kan utarbeidast reguleringsplan for heile området, inkludert tilgrensande hytteområde.

Reguleringsplanen skal omfatta vegløyising i samsvar med standard for kommunale vegar i Luster. Innspelet inneber ikkje nye moment

Konklusjon:

Gjennom tidlegare konsekvensutgreiing er det lagt føringar for området som vert oppretthalde.

ATV-bane - Galdatoppen

- GT Bil AS

Området ligg inntil område regulert til næringsføremål på Galden. Det aktuelle området er innfallsport til mykje nytta lokalt nær-turområde for dei som bur på Hestnes, Galden, Solvorn og Hafslo. Det er utgangspunkt for fotturar og er ein del av eit stiprosjekt der det er sett opp info-tavle og skilt. Det har vore rydda og merka stiar i retning Øvrebø-stølen og vidare til Setålen og Solvorn-nipa. Aktiviteten det skal leggjast til rette for vil også føra til støy for dei som bur i bustadfelta på nedsida av Rv 55.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at området ikkje vert omdisponert frå LNF til Tiltaket medfører støy og område skal sperrast for ålmenta sin tilgang. Av omsyn til støy for bebuarar i bustadfelta, ferdsel og friluftinteressene, vert tiltaket frårådd.

Hyttebygging, Dalestølen

Svein Arne Ruud

Dalestølen er eit stort samanhengande stølsområde (4-500 daa) med «opphavleg» preg og mange og lange teigar som går frå dalbotnen og opp til skoggrensa. Dei mange stølshusa – både sel, fjøs og lør pregar området. Stølsområdet vert framleis aktivt skjøtta i form av slått og beitedyr. Dalestølen er eit større samanhengande landbruksområde med fulldyrka/overflatedyrka mark og beite. Oppdeling av området i form av hyttebygging vil vera uheldig for den lokale matproduksjonen.

Det aktuelle området ligg også innafor 30-metersgrensa til vassdrag som Luster kommune har fastsett i KPA og der ein ikkje bør godta frådelling. Det ligg også i aktsemdsområde for snøskred og nær inntil eit bekkefar.

Bygging av hytter bør etter rådmannen si vurdering skje utafor stølsområdet og evt etter ein overordna plan og ikkje på grunnlag «spreidd utbygging i LNF-område».

Konklusjon

Med bakgrunn i negative konsekvensar for landbruk, kulturlandskap og naturrisiko vil rådmannen rå frå dette tiltaket.

Hyttebygging på Dalestølen bør skje gjennom planhandsaming der omsyn til jordbruk og friluftsliv vert prioritert.

Bustadbygging indre Hafslo

1. Anette Melheim Kjos

2. Knut Hauge – to område; Josvang og Ugla

På indre Hafslo er det i alt 3 innspel til privat bustadbygging. Rådmannen er av den oppfatning at utbygging også kan skje i privat regi. Men det kan ikkje vera både/og. Evt opparbeiding av nytt kommunalt bustadfelt kan medføre store kostnader i form av opparbeiding som det kan ta lang tid før ein får tilbakeført gjennom tomtosal.

KPA sine retningslinjer er det lagt opp til at i bygder med regulerte og opparbeidde bustadområde bør det som hovudregel ikkje opnast for spreidd bustadbygging. På indre Hafslo er det rekna ut at bustadbehovet er 3 bueiningar pr år. Med bakgrunn i kommunale område, er det ikkje grunnlag for å ta inn nye område på indre Hafslo før i 2026.

Lambhaug / Kjos - bustadbygging

I området er det frå før tre eigedomar. I KPA sine retningslinjer er det lagt opp til at i bygder med regulerte og opparbeidde bustadområde bør det som hovudregel ikkje opnast for spreidd bustadbygging.

På indre Hafslo er det rekna ut at bustadbehovet er 3 bueiningar pr år. Med bakgrunn i at områda kommunen planlegg for, er det ikkje grunnlag for å ta inn nye område på indre Hafslo før i 2026. Evt bør kommunen vurdere å prioritere ned si tilrettelegging for tomter til fordel for private utbyggarar. Rådmannen vurderer det slik at dersom det skal byggjast ut meir i det aktuelle området må det utarbeidast reguleringsplan.

Josvang

Området vart vurdert i KPA 2015 og lagt bort. Høgspenlinje som går gjennom området gjer det vanskeleg med tomteplassing.

Ugla-kryset

Området ligg innafor 50 meters byggegrense mot RV 55 og FV 339. Med bakgrunn i byggegrensene og at evt bygging skal skje utan reguleringsplan vert bustadbygging i området frårådd. Ligg mellom rv

med høg trafikk sumarsti og lokal veg. Vel 2, 5 km til skulen. Fyrste del smal, svingete og uoversiktleg veg. Føreset skuleskyss.

Engjadalen – hyttebygging

1. Harald Bruflat
2. Ole Arne Haugen
3. Peder Nundal

I området Engjadalen – Brunestegen er det tre innspel på bygging av hytter. I 2015 vart det lagt ut eit område for hyttebygging i Saltkjelen. Dette er like ved den opparbeidde p-plassen i Engjadalen og sankegjerdet for sau.

I planprogrammet er det lagt desse føringane for hyttebygging:

- a. Bærekraftig hyttebygging skal i hovudsak konsentrerast i hyttefelt framfor spreidd utbygging.
- b. Hyttebygging bør i hovudsak skje utanfor jordbruksareal eller areal der det er konflikt med beiteinteresser.

Engjadalen er av dei største samanhengjande beiteområde i Luster. Her er framleis aktiv slått og det er eit område som bør prioriterast for landbruk. Teigstrukturen er ein mosaikk med sterk teigdeling med lange og smale teigar som går frå dalbotnen og opp til skoggrensa. Bygging av hytter på einskildeigedomar kan på sikt medføre vanskar med landbruksdrifta.

Området har svært stor verdi som nær-tuområde for fastbuande i kommunen og spesielt i Gaupne. Engjadalsområdet er også registrert som svært viktig friluftsområde med høg brukarfrekvens og stor opplevingsverdi. Dette gjer også at ein bør vurdere utbygging i området sett opp mot landbruksinteressene (høgast prioritet) og friluftinteressene (andre prioritet).

- Område 1: tidlegare søkt frådeling, men avlsått. Aktuell tomt ligg nær opp til område som er avsett til hyttebygging (2008).
- Område 2: Søkjar har motteke SMIL-midlar til rydding av beite på same teig som det er søkt om å byggja hytter på.
- Område 3: Området ligg nær inn til bekk med fare for flaumskred. Innspelet omfattar også utlegging av byggeareal på Åberge. Jfr samtale med grunneigar er dette likevel ikkje aktuelt.

Konklusjon

Rådmannen rår til at området ikkje vert omdisponert frå LNF til LNF-spreidd hyttebygging med bakgrunn i negative konsekvensar for landbruk, kulturlandskap og friluftsliv. Hyttebygging i området Engjadalen / Brunestegen (og tilgrensande område) må skje i samsvar med reguleringsplan.



Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Tiltaket omfattar bygging av daglegvarebutikk og blokkleilegheiter på Solvorngalden, Hafslo. Utbygging i samsvar med dei skisserte og illustrerte planane kan innebere etablering av eit nytt sentrumsområde.

Det skisserte tomteområdet på ca 16 daa, ligg på søraustsida av fylkesveg 55, mellom krysset mot Solvorn og krysset mot Galden. Dette er på motsett av fylkesvegen i høve til nærings- og bustadområda i området i dag. Unnataket er næringsområdet på Galdetoppen.

For det som gjeld bustadbygging på Hafslo er det per i dag avsett i arealdelen og godkjende reguleringsplanar for bustadbygging, ca 260 bueiningar. Dette tilseier at det ikkje er behov for meir tilrettelegging for bustadbygging i nær framtid. Jfr utbyggingstakten på Hafslo tilsvarar dette nok areal for vel 15 år framover.

Både Luster kommune og Statens vegvesen har vore opptekne av å halde aktiviteten i området på nordvestsida av RV 55. Dette for å unngå å redusere trafikktryggleiken i området ved å opne for kryssande trafikk, både køyrande og gåande/syklande. M.a avviste kommunen bygging av bustader i det same området ved utarbeiding av arealdelen i 2008.

I reguleringsplanen for næringsområdet på Galdetoppen er det m.a. teke inn slik føresegn, i § 5.3: «Det er ikkje høve til å etablere verksemder for detaljhandel som vil føre til auka gangtrafikk over riksvegen, av type daglegvare, kiosk, og serveringsverksemd.»

I KPA 2008 vart det vurdert etablering av bustadfelt i same området. Dette vart avvist med bakgrunn i at området består av fjell og det føreset sprenging av fjell for alt grunnarbeid, og av omsyn til trafikktrygging med kryssing av Rv55.

Tidlegare vurdert etablering av bustadfelt i tilgrensande område og avvist. Bakgrunn for dette er m.a. at det av omsyn til trafikktrygging ikkje er ynskjeleg med etableringar i det aktuelle området som føreset mykje kryssing av til tider sterkt trafikkert veg.

Grunnforhold

Området er i skog og landskap registrert som uproduktiv skog og jorddekt fastmark.

Berggrunnen består av kvarts og tildels storkorna, også kalla Solvorngrenitten. Mange stader ligg fjellet i dagen, andre stader er det tunt jordsmonn. Dette føreset mykje sprenging og masseforflytting av sprengingsstein.

Konklusjon:

Rådmannen rår i frå etablering av daglegvarehandel og bustader i dette området med bakgrunn i at det i dei komande åra er tilstrekkeleg med ledig bustadareal på Hafslo.

Utbygging i samsvar med dei skisserte og illustrerte planane kan innebere etablering av eit nytt sentrumsområde på Hafslo. Etablering av daglegvarehandel i dette området vil også svekka Hafslo som eit etablert sentrumsområde. Nye sentrumsfunksjonar bør difor etablerast i området kring Hafslo sentrum

Konklusjon:

Rådmannen rår til at området ikkje vert omdisponert frå LNF til Byggeområde næring/bustad.

Landingsplass for helikopter - Skjolden

Området ligg delvis innafor reguleringsplan for cruisekai på Skjolden med reguleringsføremål landbruk og trafikk. ligg også inne i LNF-område – dyrka mark.

Jfr arealbehov er det teke utgangspunkt i landingsplassar andre stader med diameter 20 – 25 m på sjølve plassen + ope areal rundt. 2 – 3 daa. Dette er det ikkje plass til sør for cruisekaien på Skjolden.

Tiltakshavar må dokumentera tilstrekkeleg areal som tilfredsstiller forskrift for utforming av store / små helikopterlandingsplassar. Dette gjeld m.a. sikringssone, evt innflygingsområde m.m.

Etter rådmannen si vurdering er det aktuelle området ikkje tilstrekkeleg stort jfr andre tilsvarende landingsplassar for turisttrafikk.

Neset - Småbåthamn Solvorn

Bakgrunn og utfordringar:

I arealdelen i 2015 vart Jedlasanden (innafor Mosaviki) avsett til småbåtanlegg i Solvorn. Vegtilkomst er via traktorveg i lia over Solvorn – ca 1,5 km.

Solvorn båtlag har kome med nytt framlegg om å etablere Neset som småbåthamn for fastbuande båteigarar i Solvorn. Dei har i lengre tid arbeidd med å finna område for båthamn i bygda. Næraste hamner er Marifjøra 15km, Gaupne 17 km og Sogndal 19km.

Solvorn båtlag ynskjer i fyrste omgang å etablere plass til minimum 19 båtar. På sikt reknar dei med å ha plass til 50 båtar. Storleiken på båtane er frå 6-8 meter. Det er tenkt ei småbåthamn utan omfattande infrastruktur som køyretilkomst, båtopptrekk, nye bygningar eller areal til vinterlagring. Dei meiner tiltaket ikkje vil ha negative verknader for andre interesser i området.

Solvorn er ei lita bygd med store kulturhistoriske verneverdiar der mykje av strandområda er regulert til spesialområde bygnings- og landskapsvern. Egedomen Christianeslyst er vedtaksfreda jfr kulturminnelova. I denne strandsona, ca 1 km, er det også ferjekai, allmeningskai, gamal dampskipskai, offentleg badestrand og verneverdige naust og sjøhus. I området Neset er det slåttemark som går heilt ned til sjøen. Havn i sør som grensar til regulert område er også slåttemark som går til fjorden. Solvorn er i forvaltningsplan definert som inngangsportal til verdsarven Urnes stavkyrkje.

Fagrapporten som var grunnlag for Forvaltningsplan

Landbruk

Fagrapporten vektlegg sterkt verdien av eit aktivt landbruk i bygda:

Solvorn er ei grøn bygd. Her er tradisjonelle gardsbruk, småbruk, einebustader med små og større hagar, og sjølv nede i strandsitjarmiljøet er det grøne areal. Både gardsdrift, frukt- og bær dyrking og hagebruk er særskilte viktige verdiar for opplevinga av Solvorn.

For det visuelle inntrykket av Solvorn er det umåteleg viktig at drifta på gardane held fram. Korleis dette må gjerast er mindre viktig, det avgjerande er at eit ope kulturlandskap med aktiv landbruksdrift vert halde ved like. På same vis er det viktig at det karakteristiske hagebruket vert teke vare på. Vår tilråding er at det i samråd med grunneigarar og landbruksorganisasjonane vert utarbeida ein landbruks- og hagebruksplan som sikrar desse viktige kvalitetane for framtida. Denne lyt inngå i ein større, heilskapleg skjøtselsplan for kulturlandskapet i Solvorn.

Ved evt tap av dyrka mark kan dette kompensast ved leigejord lenger unna. Dette vil medføre ulemper i drifta ved lengre transport. Bruk av dyrka mark som kan svekka næringsgrunnlaget for eit aktivt gardsbruk som dette vil vera uheldig når ein ser utviklinga av heiltidstilsette i landbruket.

Kulturminne og landskap

I fagrapport for Solvorn (Vetti & Kvamme 2010) vert det peika på at: «*moderne fritidsbåtar vert stadig meir dominerande i hamna. Dette kan lett føra til stor skade på sentrale verdiar i strandsona. I tillegg vil ei opphoping av fritidsbåtar virke visuelt skjemma for opplevinga av Solvorn sett frå sjøen eller frå Ornes. Særskilde tiltak for fritidsbåtar (båthamn m.m.) må ikkje verta tillate i visuell nærleik av vernesona.*

I den grad det er trong for ei båthamn med flytebyggjer, lyt plasseringa av denne vurderast nøye. Dette er eit sers verknadsfullt inngrep reint visuelt og høyrer ikkje heime i eit historisk strandstadmiljø. Det fører som regel med seg auka trafikk på land og på sjøen. Over tid skapar ei slik båthamn og trong for inngrep på landsida. Innanfor vernesona mellom Neset og Christianeslyst må det etter vårt syn vera uaktuelt, òg av omsyn til samspelet mellom Solvorn og Urnes stavkyrkje. Den einaste staden vi kan tilrå er i Mosaviki.

Moderne ferietrafikk med hurtiggåande båtar vert fort eit problem på ein plass som Solvorn. Landskapet har òg ei form som gjer at motorlyd lett vert til støy. Det lyt difor vera fartsrestriksjonar i indre luten av bukta, frå ei

line mellom Neset og Jekthammaren. Innafor her lyt det vera maksimumsfart på 5 knop, og forbod mot vannski, vannscooter og liknande».

Verdiar for friluftsliv, stillheit og ro

Solvorn skil seg ut ved at her ikkje er gjennomgangstrafikk. Stillheita og roen som pregar bygda i sumarsesongen har stor verdi for både fastbuande, tilreisande, lokale overnattingsverksemdar.

Trafikk og parkering

Parkeringssituasjonen i Solvorn er vanskeleg på finversdagar sumarstid. Då er det mange besøkjande i Solvorn – anten folk som skal på badestrande eller besøkjande til Ornes. Slike dagar kan det «koka» og det er i utgangspunkt mangel på p-plassar. Bussar har også problem med å koma fram og snu. Med bakgrunn i dagens situasjon og eit nytt verdsarvsenter på Ornes, skal Luster kommune i gang med ein trafikkanalyse med sikte på å klargjera framtidige trafikklysingar i aksen Galden – Solvorn – Ornes – Skjolden. Parkeringssituasjonen og vilkår knytt til parkering i Solvorn vert eit sentralt tema i denne analysen. At ein baserer seg på ei ny båthamn utan parkeringstilbod i denne fasen er ikkje ei framtidsretta løysing. P-plassar vert difor lagt til grunn i vurderingane av landareal.

I september 2018 er det varsla oppstart av reguleringsendring for kaiområdet og badeplassen i Solvorn med sikte på utviding av badeplassen, sikra tilkomst til friområdet og bruk av kaien.

Utgreiingsalternativ

I planprogram til arealdelen har kommunestyret gjeve føringar på at to område i skal greiast ut; Neset og Habn. Neset vart greidd ut i samband med forvaltningsplan for Solvorn i K-sak 36/13 og lagt vekk. Konsekvensutgreiinga for Neset omfattar det mest omfattande alternativet med sjø- og landareal for 50 båtplassar.

Område mellom Notasva og Christianeslyst har vore trekt fram som eit alternativ. Notasva og Christianeslyst ligg i område «sone 2 BLV2 – regulert til spesialområde bygnings- og landskapsvern. Omregulering av dette området vil verta ein lang og krevjande prosess. Habn vart utgreidd i samband med KPA i 2015 og då lagt vekk.

Utgreiinga tek utgangspunkt i eit arealbehov som omfattar sjøareal, landareal til sjøsetjing / opptrekk av båtar, parkering/biloppstilling, tilkomstveg til hamneområdet, landstraum, framføring av drikkevatn m.m.

Dette er standard for kva som må på plass for etablering av båthamner. I utgreiinga er areal til både 20 og 50 båtplassar lagt til grunn.

Rådmannen legg til grunn at det må avklarast vegtilkomst og omfang av landareal til småbåthamna.

Arealbehov

	20 båtplassar	50 båtplassar
Sjøareal	3 daa	7 daa
Landareal	2 daa	4 daa
Parkering: 30 % dekning	6 plassar = 120 kvm	15 plassar = 300 kvm

0-alternativet – dvs alternativ Marifjøra/Gaupne/Sogndal.

I vurderingane om etablering av småbåthamn i Solvorn må null-alternativet vurderast. Dvs at det av ulike omsyn vert vurdert at småbåthamn ikkje bør / kan etablerast i Solvorn. Alternativa er då båthamner i Marifjøra, Gaupne eller Sogndal (Barsnes). I arealdelen 2015 vart det greidd ut mogelegheiter for ny og større småbåthamn i Marifjøra og eit meir fastsett område i Gaupne ved Engjadalselvi – kaien. Samla bør desse kunna dekkja behovet for båtplassar i bygdene – Indre Hafslo, Hafslo og Solvorn. Maks avstand vert 16 km. For båteigarar i Solvorn kan dette følast langt.

Jedlasanden har større «rom» for utvidingar enn Habn og Neset.

Alternativ Neset

Skildring av området: Neset er eit sentralt landemerke i Solvorn, omkransa av slåttemark. Frå Neset og innover mot Solvorn ligg det fleire naust.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad:
Barn og unge	L			
Kulturminne-/ landskap			H	Område regulert til spesialområde bygnings- og landskapsvern
Naturverdiar	L			
Primærnæring	H			
Rekreasjon/ friluftsliv		H		

Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved ny arealbruk

Tema	Omfang av endring	Konsekvens	Kommentarar:
Miljø:			
Kulturminne og kulturmiljø		-1	Sefrak-registrert naust, ukjendt byggeår
Landskap		-2	Område regulert til spesialområde bygning- og landskapsvern
Jordvern	-1	-2	Landareal og ny veg vert lagt over fulldyrka mark
Naturmangfald	0	0	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-2	-3	
Strandsone – vassdrag og fjord		-2	
Støy og anna ureining	-2	-3	Vil føra til auka motorisert båttrafikk tett inn til ei av dei mest attraktive badestrendene i indre Sogn.
Samfunn:			
Areal og transport	-1	-2	Føreset delvis ny køyreveg fram til småbåthamna
Barn og unge	0	0	
Folkehelse – tilgang til friområde	-1		Eksisterande veg fram til småbåthamna er mykje nytta turveg
Infrastruktur og off. tenestetilbod	-2	-4	Føreset bygging av delvis ny tilkomstveg og oppgradering av landbruksveg, og nødvendig landareal til parkering m.m. infrastruktur som VVA og straum
Universell utforming	+2	+1	Auka tilgang for rørslehemma til å koma ut i båt.

Tilkomst, parkering m.m.

I stor grad brukar båteigarar bil til båtplassen uansett avstand frå heimen. Tilkomst til Neset i dag er traktorveg frå kaien – gjennom badestranda, forbi naustrekka og vidare. Vegen er open berre for køyring i samband med landbruksdrift. Båtlaget meiner dei ikkje treng køyreveg fram til småbåthamna. Gangavstand mellom næraste parkeringsplass og Neset er vel 650 meter. Båtlaget nemner ikkje noko om transport av varer og utstyr mellom parkering og båthamna eller kvar lessing/lossing skal skje. Dei viser til at storleiken på båtane vert større. Dette inneber at det vert plass til meir utstyr som skal om bord. Kva når det er behov for reparasjonar av båt? Det er to alternativ for lessing/lossing; Storekaien som pr i dag er privat kai og Vetlekaien som er allmenningskai.

På sikt vil det pressa seg fram eit behov for køyring fram til Neset og det må då finnast alternativ til dagens traktorveg. Rådmannen legg vekt på at dersom det skal etablerast småbåthamn i Neset må planen også omfatta ny køyreveg, landareal med tilstrekkeleg parkeringsplass. Omsynet til

rørslehemma må også vektleggast. Dette er også eit viktig moment når det gjeld tilrettelagd tilkomst for alle.

Ny tilkomstveg

Ny veg må leggjast utanom badestranda. Dette kan løysast ved å leggja vegen via p-plass bak Bryggehuset og vidare over eigedomane gbnr 176/1 og gbnr 177/1 og deretter kobla til eksisterande traktorveg ved den nye naustrekka. Arealet er dyrka mark som i dag vert nytta høvesvis til fruktdyrking og slåttemark. Eksisterande veg frå nausta må oppgraderast. I dag vert denne mykje nytta til turgåing.



Dyrka mark

Dette arealet vil bandleggja ein del jordbruksareal – i hovudsak til ny veg og landareal. Til 50 båtplassar kan det vera pålag 6 daa.

Grunnavståing:

Det er fleire grunneigar som vert råka av tiltaket. Deira syn på grunnavståing er ikkje kjent.

Universell utforming

Alternativ Habn

Skildring av området: Habn er ei bukt sentralt i Solvorn. Området ned mot fjorden er nytta som slåttemark. Grensar til område som er regulert til spesialområde bygnings- og landskapsvern.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn


Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad:
Barn og unge	L			Liten aktivitet i området grunna hovudtilkomst over dyrka mark
Kulturminne-/ landskap			L	Vegframføring langs med ei gamal geil.
Naturverdiar	L			
Primærnæring		S		Gardsdrift med allsidig landbruksproduksjon – mjølk og bær
Rekreasjon/ friluftsliv	S			

Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved ny arealbruk

Tema	Omfang av endring	Konsekvens	Kommentarar:
Miljø:			
Kulturminne og kulturmiljø	-1	-3	Ingen registrerte kulturminne. SEFRAC generelt dårleg på utmarksobjekt. Tuft etter husmannsplass og steinsett geil i området.
Landskap		-4	Ligg nær opp til freda anlegg; Christianeslyst og verneområde i Solvorn Tiltaket vil endra ein del av Solvorn sitt kulturhistoriske landskapsbilete
Jordvern	-2	-3	Omdisponering av 2-4 daa fulldyrka mark
Naturmangfald	0	0	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-1		
Strandsone – vassdrag og fjord	-2	-4	Utbygging av strandområde
Støy og anna ureining	-2	-3	Auka båttrafikk i område kan endra opplevinga av Solvorn som ei roleg bygd
Samfunn:			
Areal og transport	-2	-2	Til dels avhengig av biltillkomst til området
Barn og unge	0	0	
Folkehelse – tilgang til friområde	0	0	Område lite nytta av ålmenta
Infrastruktur og off. tenestetilbod	+1	-1	Må tilretteleggja for infrastruktur; veg vatn og avløp
Universell utforming	+1	+1	Kan letta tilgangen for rørslehemma å koma ut i båt.

Utgangspunkt

Skisse som viser arealbehovet i Habn ved to ulike alternativ som vart utgreidd i 2015.



Alternativ Habn:

Tilkomst frå eksisterande kommunal veg - ny veg ca 250 meter. Grunnforholda er ikkje undersøkt, men det er god ly for båtar her. Båtlaget peikar på landareal sør i området – inn mot ein bergvegg. Tilkomstveg kan leggjast på steinsett geil – utanom dyrka mark.

Landbruk

Dette er ein landbrukseigedom i aktiv drift med allsidig produksjon med mjølk og bær og einaste mjølkeprodusent i Solvorn. I alt 52,2 daa fulldyrka mark fordelt på fleire teigar. Denne teigen er på ca 14,4 daa. Teigen ligg i kort køyreavstand til gardstunet. Ved evt tap av dyrka mark kan dette kompensera ved leigejord lenger unna. Dette vil medføre ulemper i drifta ved lengre transport.

Reguleringsplan og vedtaksfreda bygningsmiljø

Området Habn grensar mot område som omfattar reguleringsplan for Solvorn og likeeins til den freda sorenskrivargarden Christianeslyst.

Vurderingar Habn

I vurderingane er det lagt til grunn det minste alternativet – 30 båtar.

Rådmannen vurderer det slik at veg fram til båthamna bør leggjast nedafor geila på ein eksisterande traktorveg som truleg vert nytta i gardsdrifta. Å leggja vegen opp under berghammaren vil medføre mykje sprenging og masseforflytting. Framføring av køyreveg og parkeringsplass utafor dyrka mark vil medføre sterke terrenginngrep i eit elles sårbart landskap. Habn har i seg sjølv store landskapsmessige verdiar. Spørsmål vert kor vidt det må etablerast ny traktorveg for slåttemarka innfor køyrevegen.

I dette landskapet vil eit slikt inngrep vera uheldig og vegen bør difor leggjast delvis innpå dyrka mark.

For å oppnå tilstrekkeleg landareal kan dette delvis leggjast på ei flate mot berghammaren – og delvis på dyrka mark.

Landbruk

Ved evt tap av dyrka mark kan dette kompensera ved leigejord lenger unna. Dette vil medføre ulemper i drifta ved lengre transport. Bruk av dyrka mark som kan svekka næringsgrunnlaget for eit aktivt gardsbruk som dette vil vera uheldig når ein ser utviklinga av heiltidstilsette i landbruket.

Kulturminne

Stien frå kommunal veg er ei steinsett geil. Denne har stor opplevingsverdi. I området der småbåtlaget ser føre seg plasseringa av kaien / tilkomst er det murar etter ein gamal husmannsplass. Ut over dette er det ikkje registrerte kulturminne i området.

Grunnavståing:

Grunneigar har gjeve klart uttrykk for at dei ikkje frivillig vil avstå grunn i Habn. Derimot vil dei gje gratis grunn til veg over deira eigedom til båthamn på Jedlasanden.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Trafikksituasjonen

Med ei båthamn anten i Neset eller i Habn vert det auka trafikk ned i Solvorn sumartid. Presset på vegen i nedre delar av bygda (krysset opp til kyrkja til kaien) er til tider stor og det er ikkje ynskjeleg med vesentleg auka trafikk. Diskusjonen seinare tid har gått på korleis ein kan redusera trafikken ved å leggja betre til rette for parkering lenger oppe i bygda.

Verdiar for friluftsliv, stillheit og ro

Solvorn skil seg ut ved at her ikkje er gjennomgangstrafikk. Stillheita og roen som pregar bygda i sumarsesongen har stor verdi for både fastbuande, tilreisande, lokale overnattingsverksemdar og landbruk

Alternativ Habn:

Rådmannen viser til utgreiinga frå 2015 og opprettheld vurderingane som då vart gjort i saka. Småbåthamn i Habn vert ikkje tilrådd

Alternativ Neset:

Ut frå ei samla vurdering vert Neset ikkje tilrådd som småbåthamn.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at Jedlasanden vert oppretthalde som område «Bruk og vern av sjø og vassdrag – båthamn» jfr PLBL §11-7 nr 5.